

Årsmelding Vigra Indremisjon 2020

«Lat oss halda urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for Han som gav oss lovnaden, er trufast. Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar. Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman, som nokre har for vane, men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser at dagen nærmar seg.» Hebr. 10, 23-25

Innleiing

Det har vore eit krevjande arbeidsår. Vi hadde normal drift, med søndagsmøter og Awana fram til medio mars. Då kom corona-epidemien, og samfunnet vart stengt ned. Alle aktivitetar innan kultur- og arbeidsliv vart kansellert, og berre kritiske samfunnsfunksjonar vart oppretthalde. Dette ramma også arbeidet i Vigra Indremisjon.

Vigra Indremisjon fann det nødvendig å rette seg etter pålegg frå styresmaktene, og avlyste all møteaktivitet fra mars og fram mot sommaren. Med tungt hjarte måtte vi avlyse samlingar, mellom anna i påska og pinsa. Restriksjonane vart letta utpå sein-våren, og vi starta opp att i juni med sommarbibeltimar og bønne møte. Sommaren gjekk stort sett som normalt, men jonsokfeiringa på Sagabu måtte avlysast.

Ved oppstart til hausten var det mogleg å samlast inntil 200 personar, om ein kunne halde ein meters avstand, ha lett tilgang til desinfeksjonsmidlar, skrive deltakarliste og reinhald etter retningslinjer. Problemet var at vi ikkje kunne samle meir enn 50-60 deltakarar i bedehuset, erfaringsmessig har vi hatt over 100 på søndag 12-møtene. For å unngå å avvise folk, valde vi å leige eit større lokale. Styret vurderte fleire alternativ, men fekk ein god avtale med Vigra Sokneråd om leige av Vigra kyrkje.

Sagabu-sesongen har også vore annleis enn normalt. Grunna reglar om avstand og hygiene, har dei måtte arrangere sine samlingar på bedehuset. Sommarbibeltimane har og vore arrangert på bedehuset av same grunn. Sagabu og bedehuset har vore ein del nytta til bibelgruppesamlingar.

Bibelgruppene, bønne møte og 19.30-møta har vi i større grad kunne oppretthalde, då dei har betre føresetnad for å kunne drive verksemda innanfor gjeldande retningslinjer. Utfordringa vår i denne tida har vore at vi har for lite hus for å kunne møte krava til større samlingar enn 50 personar.

Etter råd frå IMF sentralt, vart det ikkje arrangert dei tradisjonelle julearrangementa denne jula.

Dette på grunn av den aukande smittetendensen i samfunnet. Men vi har hatt små møte og bønne møte (med inntil 50 deltakarar, og dei vart mot slutten av året arrangert hyppigare.

Bibelgruppene har også hatt eit opphald, men på hausten gått som normalt. Alle arrangement følger gjeldande retningslinjer frå helsesstyresmaktene.

Styret i Vigra Indremisjon

Styret vart konstituert på første styremøte etter årsmøtet, den 10. februar. Nytt styre: Lars-Ståle Giskeødegård, formann, Thomas Mulelid, nestformann, Marita Bjerkestrand, sekretær, Olav Martin Synnes, styremedlem, Jan Ove Blindheim, styremedlem, Magnhild Naalsund, styremedlem, Ole Inge Gjøn, 1. vara, Jan Harald Roaldsnes, 2. vara, Lars Tolo 3. vara, Markus Røsvik, 4. vara. Ole Inge Gjøn vart 1. vara etter loddtreking med Jan Harald Roaldsnes, då begge hadde likt stemmetal på årsmøtet.

Jan Ove Blindheim trakk seg fra styret primo juni, og Ole Inge GjØen gjekk inn som fast styremedlem. Marita Bjerkestrand trakk seg fra styret 21. august 2020, og Jan Harald Roaldsnes gjekk inn som fast styremedlem. Styret har hatt 13 styremØter og behandlet 92 saker i lØpet av 2020.

Arbeidsgruppa for sØndag 12-mØta

Gruppa har hatt planleggingsmØte pÅ vÅrparten for Å planlegge hausten, og pÅ hausten for Å planlegge vÅren. Tema for vÅren 2020 var «Jesus bare Jesus». VÅren 2020 var det planlagt 12 sØndagsmØter, dei fleste anna kvar sØndag. MÅlgruppa for S12-mØta er storfamilien, barn, ungdom, unge voksne, smÅbarnsfamilier og godt voksne. Gruppa har sjØlve skaffa talarar til mØta og presentert tema for semesteret. Jan Arve Roaldsnes har hatt ansvar for forsangere og band.

Store delar av mØtet har Awana hatt eit eige opplegg for barna. Annakvart mØte var det nattverd mot slutten av mØtet. OppmØtet har vore omlag 130 personar, inkludert borna pÅ Awana. Grunna corona-pandemien mÅtte mØta etter sØndag 15. mars avlysast.

I haust starta vi forsiktig opp igjen med mØte, dÅ i Vigra kyrkje. Tema denne hausten var «helliggjØrelse». Vi har fulgt FHI sine retningslinjer ift smittevern, og hatt ein god dialog med kommunelegen. Vi fekk leige Vigra kyrkje dÅ bedehuset ville bli for lite for Å kunne oppfylle krava i dei nye retningslinjene frÅ helsestyresmaktene. Vi starta opp fØrste mØte 13. september, 30. august blei avlyst dÅ ikkje leigeavtalen var ferdig klarert med kyrkjekontoret. Det vart arrangert i alt fire mØter, med godt oppmØte, fØr nye restriksjonar kom, og vi pÅ nytt mÅtte avlyse mØta. Siste mØtet fØr ny nedstenging vart avvikla 25. oktober, dÅ med talar frÅ Israelsmisjonen. SØndag 12-mØtene 8. og 22. november mÅtte utgÅ pÅ grunn av nye og strengare retningslinjer frÅ helsestyresmaktene.

Arbeidsgruppa har i oktober starta planlegging av mØta for vÅren 2021, og vonar og ber om vi fÅr klarsignal for oppstart pÅ nyÅret.

Gruppeleiar: Lars-StÅle GiskeØdegÅrd.

Arbeidsgruppa for 19.30-mØta og bØnemØta

Som kjent har nokre av dei eldre medlemene ansvaret for mØtene sØndag kveld. Det er: Arnt, Egil, Arne, Lars, Ole Inge og Jan Harald. Jon har bede seg fri inntil vidare. Ole Inge har leia gruppa frÅ starten pÅ Året, men no er det Jan Harald som har denne oppgÅva.

Vi opplever positiv interesse i gruppa, og samlingane er oppbyggjande. Av sØndagsmØter har det vore arrangert 13 samlingar. 17. mai festen vart avlyst grunna corona-situasjonen. Grunna nedstenging av sØndag 12-mØta, vart 19.30-mØta frÅ og med sØndag 29. november arrangert kvar sØndag, med unntak av 6. desember, dÅ det var ei direktesending via internett med NSP-Aid og Gunnar HamnØy. Gruppa har ogsÅ tatt hand om dei seks sommarbibeltimane.

OppmØtet pÅ samlingane har vore stabil og god. Vi tenker at det er viktig Å samlast bÅde i sosial og ikkje minst Åndelig sammenheng. Eg vil nemne Hallvard Roaldsnes, som ved fleire hØve har berika oss ved Å spele til forsamlingssongen.

BØnemØta har gÅtt regelmessig kvar tirsdag kl. 20 00, utan avbrot heile Året. PÅ dei mØta Jan Harald Roaldsnes ikkje har hatt hØve til Å vere med, har Arne og Åse RØsvik teke ansvar. OppmØte pÅ desse samlingane har variert frÅ to til tolv. Det har vore av stor betydning at Gudmund Gjelsten har vore trufast deltakar. Personleg har eg stor glede av dette fellesskapet, og vil oppmode alle til Å kome saman med kvarandre i bØn.

Gruppeleiar: Jan Harald Roaldsnes.

Arbeidsgruppa for Familiemøte 17:00

I 2020 vart det arrangert tre familiemøter: 12. januar, 09. februar og 08. mars. Dei planlagte samlingane 05. april, 03. mai og 31. mai vart avlyst som følge av Covid-19 restriksjonane. Dei planlagte familiemøta for haustsemesteret vart også avlyste, dette også som følge av Covid-19 restriksjonane. Familiemøta kl 17:00 er åpne møter for alle aldersgrupper, der målgruppa og opplegget er spesielt lagt tilrette for barnefamilier. Vi ønsker å samle familiane rundt forkynninga av Guds ord gjennom andakt, sang og vitnesbyrd. Vi ønsker å legge til rette for at borna skal få å delta aktivt i møta, og vi avsluttar kvart familiemøte med mat, kaffi og sosialt samver. Vi har fått stort sett positive tilbakemeldinger om samlingane, og vi ønsker fleire frivillige i komiteen.

Medlemmer i familiemøtekomiteen 2020 har vore: Gunhild og Anders Roald, Sunniva og Erlend Kvalsund, Antonina og Eivind Storøy, Ann Elisabet og Odd Frode Roaldsnes, Miriam og Thomas Mulelid (superreserver).

Gruppeleiar: Odd Frode Roaldsnes.

AWANA

Det har vore eit spesielt år for barnearbeidet på Vigra bedehus. I januar og februar var vi i full sving med Cubbies og Sparks tre søndagar i månaden, medan T&T hadde samlingar kvar fredag. Både Cubbies og Sparks opplevde oppgang i antal born på samlingane i 2020. På Cubbies kunne det vere over 20 barn, gjerne saman med foreldre, når det var parallelt med søndagsmøte. Sparks hadde 12-15 barn på samlingane. Noko mindre oppmøte søndagane utan søndagsmøte.

Når det gjeld T&T har det vore ein jamn vekst av born som har delteke, der vi på det meste har vore 30 barn, men i snitt 20 på kvar samling. Det har vore tydeleg og god undervisning, tid for samtale i smågrupper, samt aktivitetar som leik og matlaging.

Leiarar på Cubbies har vore Sarah Røsvik (hovudleiar), Marte Fylkesnes, Sunniva Kvalsund (fram til sommaren), Sonia Urkedal (frå haust 2020). Emma Røsvik, Julie Roaldsnes, Helena Storøy og Emilie Løvold har vore trufaste unge leiarar. Leiarar på Sparks har vore Wenche Løvold (hovedleiar) og Sebastiaan van der Klaauw. Fram til sommaren var også Magnhild Naalsund, Lisbet Storøy og Birgit Hildre med som leiarar. Leiarar på T&T har vore Kathrine Grande Røsvik (hovedleiar), Odd Kåre Naalsund (fram til sommaren), Ole Vidar Blindheim, Ida Van der Klaauw, Jørgen Hamstad og Haakon Just Martinsen.

Grunna Covid-19 vart det full stopp av Awana-samlingane i mars. Saknet etter borna, og få dele Guds Ord med dei, var stort. Vi måtte gå fleire rundar på korleis vi kunne starte opp att arbeidet på ein forsvarleg måte. Etter ei leiarsamling i september, bestemte vi oss for å samle Cubbies og Sparks til barnekyrkje på bedehuset, samstundes som der var formiddagsmøte i kyrkja. Vi rakk dessverre kun to samlingar før måtte avlyse grunna nye smitteverntiltak frå helsestyresmaktene. Vi opplevde samlingane som veldig kjekke, og håper at vi kan få til dette igjen, når vi opplever at dette er trygt. Vi bestemte oppstart av T&T 30. okt. Det vart ei veldig kjekk samling, og det var godt å vere saman med borna igjen. Dessverre måtte vi avlyse dei påfølgjande samlingane grunna nye smitteverntiltak.

Vi er svært takksame for verktøyet som Awana-ressursane er, og vi er glade for å vere med på dette viktige arbeidet. Sjølv om vi har opplevd mange utfordrande perioder, har vi heile vegen opplevd Guds signing og leiing. Vi håper og trur at forsamlinga er med oss i bøn, og om nokon ønsker å vere med i arbeidet, er dei varmt velkomne til å vere med. For hovudleiarane i Awana Vigra.

Gruppeleiar: Kathrine Grande Røsvik.

Småbarnstreff 2020

ANTALL: 6 treff før nedstengninga pga Covid 19. Og 5 treff etter sommerferien, alle utendørs pr 2/11-20. Resten av året er usikkert pga høst/vintervêr, og Covid 19.

OPPMØTE: Det har variert frå ca 5 vaksne og 5-10 barn, til 12 vaksne og 16 barn. Vi har hatt folk fra minst 12 nasjonaliteter innom iløpet av dei åra vi har hatt småbarnstreff.

FOKUSOMRÅDE: Å gi eit tilbud til mødre/fedre med barn under skulealder. Å vere ein stad som det er lett å invitere til, f.eks menneske ein ikkje kjenner så godt og nye naboer - norske og utlendinger. Ein stad med lav dørterskel. Ein stad man kan føle seg velkommen, senke skuldrane, få nye vener, drikke kaffi og la barna leike. Ein stad der dei vaksne kan få snakke om små og store saker seg imellom. La nye få eit møte med bedehuset, som kanskje fører til at nokre også kjem tilbake og er med på f.eks Awana. Det største ønsket, og vår bønn, er at menneske igjennom dette enkle arbeidet kan få møte Jesus!

VEIEN VIDERE: Ønsket er å fortsette med småbarnstreff så lenge vi ser behovet for tilbudet, og/eller så lenge her er nokon som har mulighet til å holde tilbudet igang.

Gruppeleiar: Marte Fylkesnes

Bibelgruppearbeidet

Det er mange bibelgrupper knytt til Vigra Indremisjon. Vi har grupper både for ungdom, unge vaksne, middelaldrande og eldre. Dei fleste gruppene følger eit og same opplegg frå veke til veke. Vi har egne grupper for menn og kvinner, arrangert annakvar veke. I vår førte Koronanedstenginga til ein lang periode utan samlingar, det var difor godt å kunne samlast igjen ut på hausten. Dessverre var det ikkje lenge før ei ny nedstenging stod for døra, men denne gongen vart ikkje bibelgruppearbeidet lagt heilt ned, men nokre av gruppene gjennomførte samlingar under strengt smittevernsomsyn.

Det er vanskeleg å seie til ei kvar tid akkurat kor mange menneske som tek del i bibelgruppearbeidet, og det varierer nok frå veke til veke, men 104 kvinner og menn har i løpet av året vore meldt på i ei av dei 11 bibelgruppene, i tillegg til dei mange som går i ei bibelgruppe som køyrer eige opplegg. Dei blir ikkje talde her, men det er også eit betydeleg antal.

Formålet med bibelgruppene er andeleg vekst. Både personleg for kvar einskild medlem, men også samla sett for heile forsamlinga. Ei bibelgruppe er ein flott arena for dei gode, djupe og nære samtalanane, og for omsorg og forbønn. Difor er det så rett og bra at så mange av våre medlemmar har ei smågruppe å ta del i. Lat vi takke Gud for dette arbeidet, og løfte det fram i forbønn.

Gruppeleiar: Odd Kåre Naalsund.

Teknikergruppa

Andre Hildre, Ole Vidar Blindheim og Kai Verner Røsvik har hatt med lyd og tekst på veggen å gjere i koronaåret 2020. Noa Bjerkestrand var med litt heilt i starten av året. I hovudsak er det vanlige møter vi har hatt ansvaret for, søndagsmøter og liknande, kvar si veke. Andre har i tillegg stilt opp på YA-kor øvingane som var i starten av året. Viss nokon har lyst å hjelpe til er det berre å ta kontakt.

Gruppeleiar: Ole Vidar Blindheim.

Husgruppa

I året som har gått har aktiviteten i husgruppa også vore prega av den pågåande pandemien. Gruppa hadde eit årleg planleggingsmøte i januar, der vi la ein plan for kva vedlikeholdstiltak som det var behov for å gjere i inneverande år. I tillegg vart prosjektet med etablering av felles repos og trapp for rømningsdører og hovudsal diskutert med kontaktperson i styret. Tilrådinga frå husgruppa var at styret gjorde vedtak om at Vigra Bygg fekk i oppdrag å søkje Giske kommune om løyve til gjennomføring av prosjektet, og å utføre arbeidet etter at løyve var gjeve. Dette vart handsama av styret, og vedtak vart gjort i samsvar med tilrådinga.

Kjetil var innkalt til møte med styret angående utskifting av varmeanlegg og styring på deler av bygget. Konklusjonen på det var at styret gjorde vedtak om å gjere ei utskifting innan en gitt økonomisk ramme. Dette arbeidet vert etter planen utført i løpet av første halvår 2021.

I sommar vart det arrangert to dugnadsdager, der hovudfokus var maling av fasadene på bedehuset, mot kyrkja og mot kyrkjegarden, i tillegg til gjerda på de to same sidene. Dei to andre fasadane er planlagt malt våren/sommeren 2021. I 2020 har husgruppa bestått av Kåre Løvold, Torstein Remme, Kjetil Løvold og Bent Sjursen.

Gruppeleiar: Bent Sjursen.

Nærradioarbeidet

Vigra IM er med og tek ansvar for laurdagskveld-sendingane på Radio Sunnmøre, saman med Ellingsøy/Solevåg, Valderøy, Blindheim, Vigra, og Giske. Sendingene går i månedene januar, februar, mars og september, oktober, november, desember.

I år har Vigra IM ansvar for seks sendingar, den siste er 28. november. For å gjennomføre ei sending har vi vanlig vis: ein tekniker, ein eller to telefonvakter og to i studio.

Dagfinn Røsvik og Egil Sæther har hatt ansvar for disse sendingene for Vigra Indremisjon, over lang tid. Etter omlag 25 år i denne tenesta, som vi er veldig glade for å ha fått lov å ha, avslutta vi etter sendinga 28. november. Alder og helse er nok avgjerande i denne beslutninga. Takken for at vi har fått stå i denne tenesta går først og fremst til vår Frelsar, Jesus Kristus, for samfunn, og den signinga tenesta har ført med seg. Vil også takke Vigra IM, for at vi har fått vere med så lenge.

Vi har hatt i to timar lang direktesending mellom 21-23.00, med tale, sang, konkurranse, opplesing, samtale og forbøn. Forkynninga av Guds Ord har vore det viktigste for oss. No håper vi at andre vil gå inn i denne tenesta. Radiosendingene når langt i dag og er ein rik mulighet for å nå dei som høyrer med evangeliet.

Gruppeleiar: Egil Sæther.

Internett og sosiale medier

Vigra Indremisjon fekk ny internettside i 2020. Dette arbeidet vart leia av Odd Kåre Naalsund, og gir høve til oppdateringar og ein «sprekare» layout. Vi har og same layout som IMF sentralt, og dermed lett å sjå tilknytninga vår til IMF.

Vi har også Facebookside som er søkbar, og ei gruppe «Vigra Bedehus», med 250 medlemmer som ein må aktivt vere medlem av. I tillegg har vi ei Facebook-gruppe «Vigra Bedehus – medlemmer», med 74 medlemmer. Denne sida er meir intern medlemsinformasjon, t.d. annonsering av årsmøte, medlemsmøter, etc.

På vårparten la vi ut korte videosnuttar på Vigra Indremisjon si Facebookside, med små andakter på 3-5 minutt. Desse håpar vi å starte opp att med i 2021.

Markus Røsvik og Thomas Mulelid har sidan mars hatt PodCasten «Markus&Thomas». Denne har hatt god opplutning, og har sidan november vorte sendt på Radio Sunnmøre sin nettradio. Utgangspunktet eit avsnitt frå Romarbrevet, og ein god og tidsaktuell samtale rundt eit tema utfrå det aktuelle avsnittet.

Når det gjelder avisannonser, så er det blitt en reduksjon på grunn av at kostnaden med annonsering er høg, og det er få som lesar aviser. Men enkelte møteannonser står fortsatt på trykk. Annonsering skjer i dag med plakater på bedehuset og dagligvarebutikk, i tillegg på nettsida vår; www.imfvigra.no.

Utleige, minnesamvær, Bedehusforeininga

Det har vore eit minnesamvær, før koronaen kom, i tillegg til eit minnesamvær på hausten. Ellers så har gruppa ikkje vore aktiv.

Gruppeleiar: Åse Røsvik.